

# Konstruktiv debatt om kornkvalitet

Eit møte mellom husdyrproduksjonens representant ved Forum gris og Forum ku og kornprodusentane representert ved leiaren i kornutvalet i Noregs Bondelag, resulterte i auka forståing mellom partane, og semje om å føreslå å bruka regionale midlar over jordbruksavtalen til å betra kornkvaliteten gjennom vekstskifte.

## Bv

Odd Magne Nordmark

Forum gris og Forum ku på Jæren hadde henta inn leiaren i kornutvalet i Noregs Bondelag, Svein Stubberud til møte, med tanke på å få til ordningar over jordbruksavtalen som fjernar det dårlegaste kornet som husdyrfør og stimulerer til å produsera kvaliteteskorn.

Forum gris var representert ved leiaren Hanne Våland og avgått leiaren Wenche Helen Erga. Forum ku var representert ved leiaren, Erling Søyland og nestleiar Halvar Garpestad.

Aktørane la alt innleiingsvis opp til ein konstruktiv debatt, som skulle munna ut i at noko blir gjort.

Stubberud måtte tolka kritikk for at korn med skyhøgt innhald av mykotoksin (soppgifter), også uttrykt som DON, skal tvingast inn i kraftførblandingane. 55.000 tonn av dette kornet er overlagra frå i fjar, og skal blandast inn i kraftføret i så små mengder at ein held seg under grenseverdiane i det ferdige kraftføret. Dette kornet bør i staden nyttast til energi..

## Høgt DON-innhald dramatisk

Gris er mest ømfintleg overfor mykotoksin. Her har ein sett ei grense på 500 DON i det ferdige føret. Kraftføret til andre husdyrslag, som er mindre ømfintlege, har høgare grense.

Med dagens høgtytande produksjon på ku kan høge DON-verdiar påverka til dårlegare helsetilstand, yting og reproduksjon.

Representantane for Forum ku og Forum gris peika på at målemetodane her er unøyaktige, fordi DON-innhaldet varierer sterkt innan same partiet. Dersom ein åker ligg dels i eit søkk,



F.v. Erling Søyland, Wenche Helen Erga, Svein Stubberud, Halvar Garpestad og Hanne Våland.

kan det vera stort fusariumangrep som fører til høgt DON-innhald her, mens den delen av åkeren som ligg på ein kolle kan gå fri. Resultatet av prøvane vil avhenga av kva korn som kjem med.

Dette gjer det vanskeleg for kraftførprodusentane å halda seg innanfor grenseverdiane.

Wenche Helen Erga kjente til at det var målt verdiar i kraftfør levert på garden som var altfor høge. Hanne Våland sa ho tydeleg merka alt på andre fôringa av slaktegrisene, når ho hadde fått kraftfør med høgt DON-innhald. Dagleg tilvekst kunne falla dramatisk. Halvar Garpestad sa at grisene kan gå over til å bli kannibalar, med halebitting og det som verre var, når dei får slikt fôr.

## Redusert jordarbeidning eit problem

Fusarium-problemet har auka på etter at redusert jordarbeidning blei premiert økonomisk. Fusarium smittar over frå stubben frå i fjar. Tidlegare var det først og fremst eit problem i havre, nå kan det også vera eit problem i bygg.

Svein Stubberud svara at kamp mot redusert jordarbeidning er ein tapt kamp. Det er eit veldig fokus på avrenningsproblematikken frå styremaktene si side. Det kan også vera at dei kornslaga som blir dyrka nå er spesielt disponerte for fusarium.

Elles tykte Stubberud det var merkeleg at bøndene i Rogaland, der det er mest importerte rávarer i kraftføret, skulle ha større problem enn bønder frå stader i landet der blandingane inneholdt mest norsk korn.

Til dette svara Garpestad at det var vel slik som når han selde ei kvige, han selde ikkje den beste. På same måten rekna han med at kornområda brukte det beste kornet sjølv.

## Konstruktivt

Søyland framheva at dette måtte bli eit konstruktivt møte, som resulterer i at noko positivt skjer som kan betra kornkvaliteten. Dette er heile næringa tent med.

Innspel frå Forum-representantane om at kornet i større grad må betalast etter kvalitet, slik husdyrprodukta bli betalt etter kvalitet, blei av Stubberud møtt med at dette i stor grad skjer. Dei to siste åra har det skjedd ei haldningsendring. Kornprodusentane er opptekne av å produsera dei kvalitetane husdyrprodusentane ønsker. Det er også nødvendig for at husdyrprodusentane skal sjå seg tente med å bruka norsk korn. Ein er avhengig av kvarandre. Stubberud sa han ønsker at kraftfør-industrien går tydelegare ut med kva kvalitetar dei ønsker, slik ein har det på matkorn.

## Vekstskifte med proteinvekstar

Både Forum-representantane og Stubberud vart samde om at økonomisk stimulans til vekstskifte kan vera ein god veg å gå. Ved å veksla mellom korn og proteinvekstane erter, raps, rybs og åkerbønner oppnår ein eit vekstskifte som er positivt på fleire måtar. Det blir meir jordarbeidning og mindre sjukdom, og det blir dyrka vekstar som dekker ein del av proteinkravet i kraftføret, protein som i dag blir importert.

Spesielt bør ein stimulera til dette i område som er utsett for fusarium. Ein kan bruka midlar over regionalt miljøprogram, og ein kan bruka noko av midlane som i dag blir utbetalte som passive tilskot til dette. Med mindre av passieve tilskot, blir det meir interessant å produsera kvaliteteskorn.

Møtet munna ut i at ein vart samde om å komma med innspel til jordbruksforhandlingane på dette.